

## **Referat frå møte med Forsvarsbygg og Meland kommune**

**Stad: Frekhaug Rådhus Tid: Mandag 10.02.15**

### **Tilstades:**

Frå kommunen: Nils Marton Aadland, Anne Lise Næs Olsen, Anny Bastesen, Niels Torger Granum og Anny Bastesen

Frå forsvarsbygg: Cato Dørmænen og Bjørn Bergesen

### **Agenda for møte**

Agenda for møte var den militære forbodssona i Herdlefjorden og kva konsekvensar den får for etablert aktivitet i området.

1. I uttalen til arealdelen for kommuneplan, arealdel skriv Forsvarsbygg «Nye føremål som småbåthamner, naustområde og næringsområde kan ikkje aksepterast *med mindre det vert avklart om det kan avgrense forsvaret si verksemد.*» Vi drøfta på møte kva den siste setninga i kursiv faktisk inneber for arealforvaltninga i området. Forsvarbygg peika på at det ligg sterke føringer i forbodsona i Herdlefjorden og det skal mykje til for å at forsvaret kan akseptere nye tiltak i området.
2. Blom fiskeoppdrett er ei etablert fiskesoppdrettverksemد i Herdlefjorden. Forsvaret har ikkje merknader til den eksisterande verksemda si drift. Tema på møte var areal til utviding. I dag får ikkje anlegget utvida på grunn av forbudssona. Eit fiskeoppdrett er avhengig av å ha reserveareal til utvikling /flytting av annlegget og i høve til fortøyning under vatn. Vi drøfta korleis ein kan leggje til rette for at ei bedrift som har vore etablert i Herdlefjorden i over 15 år, kan få høve til å videreutvikle seg. Eit alternativ var å flytte verksemda til utanfor forbudssona. Dersom det vert aktuelt, vil Forsvarsbygg kunne seie seg enig i at ei flytting av oppdrettsanlegget ut av forbudssona vil vere gunstig. Forsvaret kan også samtykke i at ei flytting høgst truleg vil gi reduserte konflikter med forsvaret. Dei kan derimot ikkje ta på oss økonomiske forpliktelser i denne samanheng.
3. Djupvasskai på Hjertås. Hjertås er einaste eigna stad i Meland der det kan etablerast djupvasskai. Forsvarsbygg stadfesta at kommunen for deira del kan pårekne å få byggje djupvasskai i samsvar med eksisterande reguleringsplan.  
Me drøfta høve til å auka areal til djupvasskai ved ei reguleringsplanendring. Forvarsbygg var i utgangspunktet ikkje positive til dette, då utviding av kaiareal og endring av sjøareal vil vere i strid med forsvaret sine interesser.  
Me drøfta vidare om forsvaret kunne vere positiv til ei utviding av området for djupvasskai ved eit seinare høve.  
Forsvarsbygg sitt utgangspunkt er at kommunen kan ta ei nærmare avklaring med forsvaret om korleis ein djupvasskai vil påverke Forsvarets virksomheit og søke å klargjere om nokre

konsekvensar er meir akseptable enn andre. Forsvarsbygg vil presisere at dei ikkje har gitt nokre klarsignal utover det som allereide er planavklart.